



Årsmelding Meland sokn 2025



DEN NORSKE KYRKJA

Innhald

Innleiing	2
Soknerådet og viktigaste saker i 2025	3
Underutval.....	3
Bygg og anlegg.....	4
Kyrkja med tilbygg	4
Gravplassen.....	4
Kontora og Kyrkjetoget	4
Tilsette og stillingar	5
Prestesituasjon 2025	5
Frivillige medarbeidarar	6
Økonomi	6
Inntekter og utgifter, resultat	6
Gudstenester, kyrkjelege handlingar og litt til	7
Hovudtrekk	8
Kommentar til særskilte gudstenester.....	8
Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar	9
Misjon.....	9
Kontakt	9
Bibeltimar	10
Alphakurs.....	10
Husgrupper	11
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid	11
«Agent for rettferdighet»	11
Barnehagevandringar	12
Konfirmentar.....	12
Babysong/småbarnstreff.....	12
Yngres	12
Løvegjengen.....	13
Smoothie og UNG huskirke	13
followme	13

Diakoni	14
Internasjonalt arbeid	14
Senior`S	16
Bønearbeid	17
Musikklivet i kyrkjelyden	17
Felix Vocalis	17
Musikkandaktar	18
Avslutning og takk	18

Innleiing

Kyrkjetorget har gjennom 2025 blitt meir og meir fylt opp med eit mangfald av aktivitetar. Møteplassen, bibeltimar, babysong og ikkje minst Alphakurs for å nemne noko. Kyrkjetorget har blitt eit viktig samlingspunkt sentralt på Frekhaug. Oppslutninga rundt gudstenestene i Meland er framleis god. Gudstenesta er heile kyrkjelydens møteplass. Saman bygger dette godt opp om verdiane våre om å vera ei «Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje».



Frå ei av sju konfirmasjonsgudstenester i september

Soknerådet og viktigaste saker i 2025

- Budsjett og rekneskap
- Strategiarbeid
- Diakonirapport
- Fellesrådet med strammare økonomi
- 17.mai ved Meland kyrkje
- Gjevartenesta
- Rosehelsinga
- Høyringssvar kommunen sin arealplan
- Utlysing kapellanstilling

Underutval

Arbeidsutvalet møter før kvart sokneråd for å førebu sakene og er samansett av soknerådsleiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar, sistnemnde er sekretær. AU handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Faste medlemmer:

Per Arne Traa (Leiar – valt for eitt år om gangen.)
Kari Erikstein (nestleiar 2025 og vara fellesrådet)
Sølvi G. Knudsen (representant i fellesrådet)
Maria Sæle
Frode Brakstad
Jonita J.T. Næss
Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

Vara:

Aslaug Sæle Miljeteig (1. vara, møter fast)
Lisbeth Sjursen
Aslaug Aalen
Roba Alserhan
Kristian Martin Beck

Sekretær:

Anne Sofie Nergård Uthaug (møter fast)

Barne- og ungdomsutvalet har hatt ikkje møte i 2025

Misjonsutvalet har hatt 2 møte, sjå meir under misjon.

Diakoniutvalet har hatt 5 møte i 2025, sjå meir under diakoni.

Kontaktredaksjonen har hatt møte i samband med dei fire blada som kom ut i 2025 og det er også møter i fellesredaksjonsmøter som redaksjonen deltek i.

Prosjektgruppe for ny kyrkje/kyrkjetomt

Utvalet for ny kyrkjetomt hadde 3 møter i 2025.

Prosjektgruppa og fellesrådet har jobbet aktivt opp mot kommunen for å få en avklaring på når penger til erverv av kyrkjetomt kan takast inn i kommunebudsjettet. Svaret er at det ikkje er rom for slike investeringer dei næraste åra.

Tomta sørvest for Frekhaug senter som er regulert til kyrkjetomt / offentlig tenesteyting og godkjent som kyrkjetomt både av kommunen og av Kyrkjerådet vart sommaren 2025 selt til Boligsenteret AS. Tomteutvalet har gjennom 2025 vore i samtaler med eigar om mulig samarbeid.

Tomteutvalet har også levert innspel til høyringssvar frå sokneråd og fellesråd i kommunen sin nye arealplan, sidan forslaget der var å gjere område som er regulert til kyrkjetomt om til grøntareal.

Tomteutvalet ser også på andre tomtealternativer.

Bygg og anlegg

Kyrkja med tilbygg

I 2025 vart det ikkje gjort vesentlege endringar. Mykje fungerer godt etter den store vedlikehaldsinnsatsen i 2021. Taket på tilbygget har fått nokre reparasjonar. Løvebrakka har også fått nokre reparasjonar, men den treng å bli fundamentert betre og få noko ny kledning og det er planlagt i 2026. Små reparasjonar og inngrep vert raskt ordna av kyrkjetenar eller driftsavdelinga.



Kyrkjelyden song «Deg være ære» på kyrkjegarden
1.påskedag.

Gravplassen

Det er rydda vekk mange gravsteinar på gravplassen etter «raud lapp»-prosjektet. Prosjektet er at graver utan festar eller graver der festar ønskjer sletting vert tekne vekk. Desse gravene kan takast i bruk på nytt og aukar kapasiteten på ledig graver. Det er gode forhold for gjenbruk i Meland, noko som ikkje er så vanleg alle stader i Alver. Dette bergar situasjonen, trass i at dei nyaste gravfelta no er fylt opp.

Ein har enno ikkje har fått starta på planlegging av ny utviding av gravplassen. Prognosen er at det kan starte planlegging i 2027, sidan kommunen har sett det opp i sin økonomiplan då.

Vi får ofte gode tilbakemeldingar på fint stell på gravplassen, vi vil rette ein stor takk til driftsavdelinga som gjer ein god jobb med bygg og anlegg.

Kontora og Kyrkjetorget

2025 vart det første året vi fekk prøvd å vere på Frekhaug torg heile året. Staben og frivillige medarbeidarar er veldig nøgd med kontortilhøva, møterom og Kyrkjetorget. Det meste har no komen inn i ei god drift og gode rutinar, der det er lite praktiske problem. Det er ei stor glede å ta imot besøkande, frivillige og arrangement i nye fine og praktiske lokale. Det har vore ein del utleige av Kyrkjetorget, som utgjør ei grei inntekt for


soknerådet. Soknet betaler kr 150.000 i året som er ein andel av leigeutgiftene som fellesrådet har.

Tilsette og stillingar

Tittel	Namn	Prosent	Kommentar
Sokneprest	Bjørn Tore Sæle	100 %	Tilsett i Bjørgvin bispedøme
Spesialprest, vikar	Eva Kristin Dale Wessman	80%	Tilsett i Bjørgvin bispedøme Kombinerer med studie
Dagleg leiar	Anne Sofie Nergård Uthaug	100%	Fellesrådsfunksjonar i 20-40%
Kyrkjetenar	Mounir Alserhan	60%	
Kyrkjelyds-pedagog	Anne Marit Fosse Dahle	100%	
Diakon	Ruben Sæle	100%	
Kyrkjelyds-musikar	Magnus Blom	100%	
Sekretær	Gyda Matland	100%	Delt med Radøy sokn , ca 40% på kontoret på Frekhaug.

Vi kan melde om få sjukemeldingar og ein stabil stab. Vikarane er også stabile, Andreas Westermoen og Ottar Mæstad vikarierer på tangentane og Junji Furukawa tek dei fleste gudstenestene som kyrkjetenarvikar .

Prestesituasjon 2025




I januar starta Eva Kristin Dale Wessman i 80% stilling som vikar for spesialprest, parallelt med prestestudium i 100%. Kombinasjonen har medført nokre kompromiss, og det har ikkje vore rom for større nysatsingar, eller kveldsgudstenester. Men det har blitt starta eit samarbeid med bedehuset om arbeid for unge ca. rett før konfirmasjonsalder nemnt seinare i meldinga. Grunna den reduserte prestebemanninga har diakon Ruben Sæle bidratt

meir enn før på andaktane på sjukeheim og dagsenter.

Mot slutten av året vart stillinga utlyst, no med tittelen kapellan og stillinga er 100%. Tilsettinga skjedde i februar 2026 – og det vart Eva Kristin Dale Wessman som fekk stillinga.

Frivillige medarbeidarar

Meland kyrkjelyd er år etter år velsigna med mange frivillige medarbeidarar – om lag 250 unike personar – fortel statistikken. Tala nedanfor er konkrete personar. Ein heil del er



Koke og smake på kyrkjekaffi er ein viktig jobb! Per Arne Traa og Kristian Bech

med på fleire oppgåver og tenester, og dermed er summen nedanfor på 284, over det stipulerte talet på 250. Det er lett å gløyme nokon når ein nemner konkrete namn, så hovudregel i resten av årsmeldinga er at namna er ute av teksten. Ein er likevel svært takksam til kvar einskild, både liten og stor innsats.

Type oppgåve	Kor mange personar	
	2025	2024
Planlegging og gjennomføring av gudstenester	79	76
Barnearbeid i kyrkjelyden	29	40
Ungdomsarbeid i kyrkjelyden	28	17
Kyrkjelydens diakonale arbeid	54	62
Kultur- og konsertarrangementa i kyrkjelyden	7 *	27
Komite- og utvalsarbeid	19	32
Anna kyrkjelydsarbeid	68	51
SUM	284	305

*Medarbeidarar på musikkandaktar er flytta til tala for gudstenester


Økonomi

Inntekter og utgifter, resultat

Inntektene endte på 144 000 meir enn budsjettert. Den største positive endringa i forhold til budsjett var at fellesrådet betalte ut renteinntektene for kyrkjefondet til soknet på kr ca 59.000 , som soknerådet vedtok å sette tilbake til fondet.

Gåveinntektene gjekk noko ned i forhold til budsjett og prognose, med unntak av offer til eige arbeid, som fekk inn meir enn budsjettert pga gåvene på musikkandakten som var på kr 42 833 (budsjett 20 000).

Gjevartenesta har likevel hatt ein auke og ligg no på kr 475 355. Det er eit flott resultat.



Soknerådet hadde fokus på kva som kunne gjerast med gåveinntektene i forhold til budsjett, og det resulterte i meir fokus på offer til egne arbeid og gjevarteneste i gudstenester. Dessutan vart det lagt planar om ein basar i februar 2026.

Når det gjeld utgiftene er den største budsjettsprekken i refusjon til fellesrådet. Lønnsrefusjon 40% diakonlønn og refusjon for Kyrkjetoget traff ganske bra med budsjett, men tilbakebetalinga av renteinntektene for Kyrkjefondet viser att her, noko som ikkje verkar inn på resultatet. Og det andre som viser att her er nokre mindre honorar til musikarar og andresom vert betalt ut først av fellesrådet.

Ein har stort sett vore forsiktig med utgifter til varer og tenester i 2025, og brukt 60.000 mindre enn planlagt.

Årsresultatet viser eit lite mindreforbruk (overskot) på kr 18 094.


Ein har heller ikkje i 2025 vorte krevd for refusjon av delar av kostnaden for spesialprest. Viss det hadde vorte kravd inn, ville situasjonen vore ein heilt annan.

Gudstenester, kyrkjelege handlingar og litt til

Kva	2023	2024	2025
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	60	61	57
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	6946	7249	6612
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	116	119	116

Totalt tal gudstenester i Meland	92	91	85
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	114	112	117
Digitale sendingar (gudstenester og anna)	0	0	0
Tal totalt til nattverd	3994	3953	3768
Tal på gudstenester med nattverd	63	57	52
Snitt nattverddeltakarar pr. nattverdguðsteneste	63	69	72
Utmeldingar	26	26	26
Innmeldingar	3	5	7
Dåp	47	63	43
Konfirmerte	92	70	76
Vigsel	15	13	12
Gravferder	53	39	51
Søndagsskule/Løvegjengen – stipulert	45	45	45
Institusjonsandakter	58	59	55

Hovudtrekk



Kyrjekaffi på ei heilt vanleg gudsteneste.

Årsstatistikken viser at det var om lag like mange deltakarar på gudstenester i 2025 som i 2024, men med ein liten nedgang til rett under 10.000 frammøtte. Ei forklaring kan vere at det på grunn av prestesituasjonen ikkje har vore kveldsgudstenester i 2025. Det har dessutan vore færre dåpsbarn. Det er likevel viktig å vere obs på situasjonen og sjå om det er ein trend, eller om det blir ei positiv endring når Meland får full bemanning og dermed fleire gudstenester. Snittet på gudstenestedeltakarar har ei positiv utvikling.

Kommentar til særskilte gudstenester

Også i år blei det gjennomført skulegudstenester for alle dei offentlege skulane i Meland. Som før blei det gjennomført friluftsgudstenester på Holmeknappen og Håøytoppen, Søndagsåpent ca. kvar 5.

sundag, minnegudsteneste, Askeonsdagsgudsteneste, gudstenester på Nordgardstunet og Dagsenteret, Løvegjenggudstenester, Sprell Levande, Agent for rettferd, Tårnagent, Lys Vaken, hausttakkefest, misjonsgudstenester, lysmesse, og konfirmantrelaterte gudstenester som m.a. fasteaksjonsgudstenesta, og gudstenester til jul, påske og pinse.

Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar

Det var litt fleire konfirmantar enn året før. Det blei forretta relativt mange gravferder, normalt tal på vigslar og noko færre dåp. Andaktane med song på Nordgardstunet, Dagsenteret og Vikebø vart gjennomført med totalt 55 samlingar, om lag som åra før.

Misjon

Misjonsutvalet hadde ei større markering i slutten av mai, med basar etter gudstenesta. Det var også misjonsfokus i februar og ei misjonsgudsteneste i oktober. Dei har levert ein artikkel til kvart Kontakt og informasjon på ein del av gudstenestene med offer til misjonsprosjektet SAT 7 hos NMS.

Resultatet på offer til misjonsprosjektet vart tilsaman kr 82 551 i 2025, så det er ein betydeleg del av offera til andre (inkluderer også basarinntektene).

Fleire av medlemmene i misjonsutvalet måtte trekke seg frå årsskiftet, så dei var litt få i 2025. Berit Nøst Dale gav seg som leiar og som medlem frå sommaren. Åshild Bjørkum Furukawa heldt fram, og om hausten kom Trude Bredal Tomren inn som medlem. Frå årsskiftet til 2026 fekk ein også inn to nye medlemmer Steinar Dale Wessman og Brigte Skeie.

Kontakt

Som åra før har det kome ut 4 nummer i 2025 der halvparten av sidene er lokalt for Meland og halvparten er fellesstoff for Alver og Modalen. Alle 5 blada har eige namn og separat framside. Berit Nøst Dale overtok som redaktør frå 2025. Det har vore ein prosess med å endre kven som utgjer styret for bladet. Styret er no blitt medlemmene i fellesrådet, sidan dei representerer alle 5 sokna. (Modalen er med i Osterfjorden sitt blad).

Bibeltimar



«Kva seier Bibelen om å bevare håpet i ei vanskeleg verd?»
Hans Johan Sagrusten mars 2025

Frå 2025 har bibeltimeserien «Kva seier Bibelen» vore arrangert på Kyrkjetorget. Det har vore godt for oppslutninga ser det ut til, for den har auka på det jamne. Oppslutninga varierer frå ca 30 til over 90 deltakarar. Deltakarane kjem frå eit vidare område enn berre Meland. Det har vore 7 bibeltimar i 2025. Bibeltimane er eit samarbeid med

Norkirken Nordhordland og Frekhaug indremisjon, som har ein liten arrangementskomite av frivillige. Utgiftene til honorar og reiseutgifter og litt servering vert dekkja av kollektar.

Alphakurs



På våren vart det arrangert eit Alphakurs – eit innføringskurs i kristen tru - i kyrkjelyden sin regi, for første gong på mange år. Alphakveldane er samansett av eit måltid, ei undervisning og gruppesamtalar. Alphaorganisasjonen har produsert gode undervisningsvideoar med omsetjing til mange språk, og det



lettar gjennomføringa veldig mykje å ha ferdig undervisning. Sidan ein god del av deltakarane var ukrainarar kunne vi ha eit rom med video på ukrainsk og eitt med norsk teksting.

Gruppene var også delt etter språk. Kyrkjetorget var eit godt og tenleg lokale og oppslutninga var på 23 personar som deltok ganske trufast på dei 11 samlingane. 8 av desse var medarbeidarar. Dei frivillige medarbeidarane både på kjøkkenarbeid, leiing, musikk og gruppearbeid gjorde ein stor jobb med kurset.

Husgrupper

Det var 9 grupper frå hausten 2025, då det vart starta ei ny i etterkant av Alpha-kurset. Nokre av gruppene har få samlinga, men fleire har jamn aktivitet med samlingar om lag annakvar veke.

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Enkelttiltak – trusopplæring


Tiltak	2025	2024
Lys vaken	23	26
Tårnagent	23	15
Ranselbøn	7	6
4-årsbok	27	36
Agent for rettferdighet	7	19

«Agent for rettferdighet»

For fjerde gang blir det arrangert «Agent for rettferdighet». Dette er eit opplegg som handlar om å bli litt meir bevisst på fattigdommen og urettferda i verda.

4.klassingar frå Sagstad skule blei invitert, og dette året vart 7 gutar med. Vi hadde ei

samling rett etter skuletid, der vi blant anna førebudde «Marked for rettferdighet», som blei arrangert i kyrkja 23.mars. Agentane hadde førebudd ulike oppgåver for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dei selde kaker og muffins, stod på ulike aktivitetspostar, og andre medhjelparar hadde manikyr og ansiktsmaling. Alle pengane gjekk til fasteaksjonen. Det blei ein veldig kjekk dag, og det vart samla inn over 12.000 kr.



Lys vaken 2025

Barnehagevandringar

Også i år hadde vi nokre fine barnehagevandringar i starten på adventstida. Fire barnehagar kom på besøk, fordelt på to dagar. Stemningsfullt og fint møtepunkt for små og store.



Gjetarar og sauer på Betlehemsmarka i Meland kyrkje

Konfirmantar

Tradisjonen tru starta konfirmantåret med lysmesse første søndag i advent. Konfirmantane har deltatt på gruppesamlingar, fasteaksjonen, vore på leir, konfirmantfestival og gudstenester. Det var to undervisningsgrupper på Rosslund og tre på Frekhaug, og begge prestane, diakonen og kyrkjelydspedagogen er med og underviser. Konfirmantarbeidet er det arbeidet vi bruker mest ressursar og tid på i trusopplæringsarbeidet. Det blei gjennomført 7 konfirmasjonsgudstenester i september med til saman 76 konfirmantar.

Påmeldinga til det neste kullet som starta med lysmessa i desember vart på 93 konfirmantar.

Babysong/småbarnstreff



Anne Marit Fosse Dahle (øvtst til venstre) leier babysongen

Også dette året har det vore godt og stabilt oppmøte på babysang, som er kvar tysdag formiddag utanom skuleferiar. Vanlegvis kjem det mellom 10 og 15 babyar i følge med tilsvarende tal vaksne, og Kyrkjetorget er eit veldig fint lokale å vere i. Helga Stokke er med som frivillig medhjelpar når ho har høve, til stor glede for både små og store.

Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane er annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse, med aktivitetar, kiosk og andakt. Det pleier å vere veldig godt oppmøte på Yngres, som oftast

rundt 100 barn til stades. Det er mange flotte vaksne med i leiargruppa, noko som er heilt nødvendig for å få til eit godt opplegg med så mange barn.

Løvegjengen

Løvegjengen har hatt jamlege samlingar under gudstenestene det siste året. Med unntak av høgtider og skuleferiar har vi samlingar ca. kvar søndag. Dei eldste barna har nokre søndagar samlingar i gapahuk og er utandørs. I tillegg til barn som ofte deltek i Løvegjengen, har vi òg ein del «gjestebarn» under gudstenester med dåp. Dei er ofte med på gruppa med dei minste, sidan dei alltid er inne. Det var 17 betalende medlemmer i Løvegjengen i 2025.

Leiarane som deler på ansvaret for samlingane er flinke og engasjerte. Likevel er det behov for fleire gode leiarar, særleg for dei eldste borna.

Regine Sagstad Berg har hatt ansvaret for å koordinere Løvegjengen i 2025, med litt hjelp frå fleire i staben.

Løvegjengen feira 20 år i 2025, det betyr at løva også er 20 år som maskot i kyrkja, stadig like populær.

Smoothie og UNG huskirke

Smoothie er namnet på leiarkurset for 7.-8.klassinger som kyrkja og Nordhordland indremisjon samarbeider om. Smoothie blei svaret på ønsket om eit felles tiltak for ungdommar, som ofte fell ut av gudstenestelivet. Dei kjenner seg for store for søndagsskulen og for små til konfirmantarbeidet. Det har kome 12 ungdommar trufast annakvar måndag etter skulen i vårhalvåret, i kjellaren på Frekhaug Bedehus. Det byrjar med mat og sjølvsaft smoothie, og ei felles undervisningsøkt før dei deler seg i jente- og gutegrupper med samtale og bøn. Nils Fredrik Rifsgård og Eva Kristin Dale Wessman er leiarar og byter på å ha undervisninga. Etter ungdommane sitt eige ønske vert det starta ei oppfølgjing i «UNG huskirke» i 2026.

followme

followme er eit tiltak for ungdom frå 15 år. Det er eit samarbeid mellom alle sokna i Alver, og skjer i Knarvik kyrkje annakvar fredag. Ein forsøker å byggje eit miljø for unge, der dei som vil, også kan bli utfordra til å ta ansvar i kyrkja. Alle sokna har fått prosjektmidlar til å jobbe for å få fleire medlemmer i followme Alver som er tilknytt NMSU. Dette blei mellom anna brukt til å sponse fire deltakarar som reiste på followme-konferansen i juni. Ein har fått nokre fleire medlemmer, men har ikkje lukkast enno med å få med mange av dei som blei konfirmerte i 2025. Oppmøte på samlingane er framleis 4-10stk.

Diakoni

Diakoniutvalet

Utvalet skal mellom anna jobbe med strategi, rekruttering, informasjon og kommunikasjon mellom stab, sokneråd og kyrkjelyd vedrørande det diakonale arbeidet. Det var fem møte i utvalet i 2025. Hovudsakene har vore Fasteaksjonsdagen 05.04.25, Rosehelsing, Open kyrkje på allehelgen og moglege sosiale samlingar på Kyrkjetorget. Linda Abrahamsen er leiar, Kari Standal utvalsmedlem og Jonita Næss er soknerådsrepresentant. Diakonen er sekretær for utvalet.

Møteplassen på Kyrkjetorget

Det har vore Open Møteplass kvar måndag og onsdag for det meste i 2025. I sommarferien var det ope på onsdagar, og det var stengt i juleferien. Til saman har det vore 93 gonger. Det var 11 frivillige medarbeidarar involvert. Astrid Anne Fjeldstad og Åshild Bjørkum Furukawa leia arbeidet.

Rosehelsing

Det blei delt ut til saman 80 roser i samband med bursdagen til folk som fylde 85, 90 eller meir. 9 medarbeidarar har delt ut roser og Hilda Austegard har koordinert arbeidet. Ho har trekt seg frå koordineringsoppgåva og blei takka av i gudsteneste 7.desember. Det blei gjort ei grundig evaluering av tiltaket hausten 25 der ein fann at det er ei kjekk teneste å stå i, og at folk set pris på helsinga frå kyrkjelyden. Sølvi Knudsen overtar som koordinator.



Internasjonalt arbeid

Språkkafeen

Språkkafeen har vore open på måndagar utanom skuleferiane på Kyrkjetorget. Det var 17 frivillige medarbeidarar involvert fordelt på to grupper som hadde ansvar annakvar gong. Den eine blei leia av Berit Nøst Dale, den andre av diakonen. Vårsemesteret var det frå 16-25 til stades på kafeen. På hausten var det 18-31. Diakonen koordinerer arbeidet.

Nordic Conference for Refugee Ministry

Dagleg leiar var, saman med kyrkjeverje, diakonen og frivillige, med på å arrangere ein nordisk konferanse for kristent arbeid for flyktningar kalla Nordic Conference for Refugee Ministry. Konferansen hadde god oppslutning frå Norge og Finland, og er ei frukt av det fleirårige prosjektet med studieturar til europeiske land for personar frå Alver, finansiert av midlar frå Erasmus+.



Diakon Ruben Sæle har ofte oppgåver i gudstenestene – her på hausttakkefesten.

Turgruppa

Diakonen har ei turgruppe som møtast annakvar veke og går turar i nærområdet.

Sorggruppe

Det har vore ei ordinær sorggruppe i Alver året 2025. Denne gruppa var leia av diakon i Radøy og kreftkoordinator i Alver. Gruppa hadde til saman 4 deltakarar. Samlingane var i Knarvik kyrkje og på Alversund kyrkjelydshus.

Etter initiativ frå Knarvik vidaregåande skule blei det oppretta ei sorggruppe for unge frå Nordhordland hausten 2025. Gruppa hadde fem deltakarar og blei leia av diakonane i Alver. Samlingane var i Knarvik kyrkje.

Allehelgen

Det var open kyrkje den 01.11. Det blei delt ut kaffi/te i våpenhuset og i kyrkjestova. I kyrkjerommet var det høve til å tenne lys. To frivillige og spesialpresten hadde ansvaret.

Det blei arrangert minnegudstenste den 02.11.

Sjelesorg og husbesøk

Diakonen og prestane har hatt mange samtaler, soknebod og husbesøk og er tilgjengelege for dette, tilsaman ca 90 møtepunkt.

Fasteaksjonen

I Fastetida var det fleire tiltak som sette fokus på kyrkjelyden sin Fasteaksjon:

12.03: onsdagskonsert med fasteaksjonsfokus. Kayleigh Pearl Neff (trompet) bidrog, forutan kyrkjelydsmusikaren og diakonen

23.03: Agent for rettferdighet

05.04: fasteaksjonsdag for kyrkjelyden

06.04: fasteaksjonsgudsteneste der konfirmantane var involverte.

Det blei samla inn kr. 120 647, noko som er ny rekord for Meland. Det var til saman 36 medarbeidarar engasjert, nokre i fleire tiltak, i tillegg til konfirmantar og deltakarar på Agent for rettferdighet.

Senior`S

Senior`S kan no sjå tilbake på 15 arbeidsår og har blitt ei livskraftig arbeidsgrein i Meland. Dette er eit tilbod for eldre på dagtid, ein gong i månaden. Innhaldet er kulturelle innslag av ulike karaktarar, foredrag/kåseri av allmenn interesse, kristen forkynning, underhaldning og god mat/middag

Som før er det Frekhaug Indremisjon, Norkirken Nordhordland, Meland Kyrkjelyd og

Nordhordland

Folkehøgskole som står bak Senior`S. Seniors er ein eigen organisasjon med styre, årsmøte og sjølvstendig økonomi. Inntektene kjem frå deltakaravgift, utgiftene



er til mat og foredragshaldarar/reiseutgifter.

Med et samla frammøte på 740 på dei 8 samlingene i 2025, blir det eit gjennomsnitt på ca 93. Det fortel at Senior'S på Frekhaug er eit tiltak som mange ønsker. Senior'S var frå starten retta mot Frekhaug og Meland, men etter kvart har interessa spreitt seg over heile Nordhordland.

Bønearbeid

Bønearbeidet ved kyrkja på torsdagar vart haldne på våren, men på hausten mista dei sin trufaste organisator av familiære grunnar. Det vart starta opp kveldsbøn på bønerommet på Kyrkjetoget ein del tysdagskveldar som oftast rett i forkant av øvingane for Felix . På torsdagsmorgonar kl 09.00 har det også vore morgonbøn på hausten.

Musikklivet i kyrkjelyden

Det er stor deltaking i gudstenestene av dyktige frivillige musikkar og songarar.

Den 25. oktober var det Nynorsk salmekveld i kyrkja, i eit samarbeide med Meland mållag.

Denne kvelden medverka Per Halse, teolog og professor, Mari-Anne Fosse Daland, tekstlesar, Maria Sæle og Solveig Westermoen, song, Lise Herland, obo og Magnus Blom, orgel. Arve Kjell Uthaug var programkoordinator.



To av dei gode forsongarane i kyrkja; Solveig F. Skeie og Lars Werner Jordal

Av andre arrangement kan ein nemne dei to julekonsertane. Den 7. desember deltok Alverkoret, Sagstad skulekorps, Skala Brassband og to ensembler frå kulturskulen. Den 21. desember hadde koret Felix Vocalis eigen konsert.

Felix Vocalis

Koret øver på Kyrkjetoget om lag annankvar tysdag. Dirigent er Jannicke Wisløff Åsebø. Dei syng på gudstenester og andre arrangement, har ein eigen sommarkonsert på folkehøgskulen, og øver med siktemål mot julekonserten på hausten. Dei to siste arrangementa er inntektsbringande og dekker saman med medlemsavgifta honorar til dirigent med meir. Det er om lag 18 medlemmer i koret. Ottar Mæstad med fleire pleier å akkompagnere koret på konsertar.

Musikkandaktar

Kyrkjelydsmusikar Magnus Blom gjennomførte 13 musikkandakter i 2025. Programma har vore varierte, med gjester frå det profesjonelle musikklivet, frå kulturskulen og frå det frivillige musikklivet. Musikkandaktane er eit høve for kyrkjelyden til å få høyra musikk hovudsakleg frå det klassiske repertoaret. I tillegg til musikken vert det lese tekstar frå Bibelen, og vi syng salmar. Den 9. juli var domkyrkjeorganist Sigurd M. Øgaard gjest.



Rebekka Eikefet, cello, medverka på musikkandakt i februar

Magnus spelte ein serie med sommarmusikk i perioden 26. juni-24. juli, med til saman fem konserter på dagtid med klassisk pianomusikk i Meland kyrkje. Den 17. juli var Nils Oddvar Merkesvik gjest. Han spelte engelsk og spansk musikk for gitar.

Avslutning og takk

Gjennom 2025 har stab saman med 250 frivillige medarbeidarar vore delaktig i ulike aktivitetar for unge og gamle i Meland. Saman bidrar vi til at Meland er ein god stad å bu.

Så er vi og utruleg glade for at Eva Kristin Dale Wessman har takka ja til stillinga som kapellan i Meland. Vi gler oss til fortsettinga!

Soknerådet vil til slutt rette ein stor takk til tilsette og alle frivillige for nok eit verdifullt og godt år.

Med helsing soknerådsleiar Per Arne Traa.

I 2025 fylte Løvegjengen og løva 20 år. Vi hadde ein vikar i spesialpreststillinga. Det var litt færre gudstenester, men snittet på gudstenestbesøket gjekk noko opp frå året før. Eit stort kull med konfirmantar vart konfirmert i september og eit endå større tok til i desember. Det var nokre få av mange høgdepunkt i 2025, men vil du vite meir om breidda i arbeidet i Meland kyrkjelyd, ta ein kikk i årsmeldinga.

